



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg og Rune Minde

Varamedlemmer: Turid Moldøen

Ikkje møtt: Hans Erik Waage, Solrunn Gullaksen og Terje Storemark

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær*

Saksoversikt: F 06/22 – 11/22

F 06/22	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 08.02.2022
Vedlegg	Møteboka frå 08.02.2022 Innkallinga til møtet 29.03.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 07/22	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Utlysning av engasjement (prosjekt) som trusoplærer• Informasjon om kontorsituasjonen• Informasjon om godkjente planar for utviding av gravplassen

F 08/22	GODKJENNING AV REKNESKAPEN 2021
	<p><u>Bakgrunn:</u> 2021 er det første ordinære året der Aider har køyrt rekneskap og fakturering. Dei har også overtatt lønskøyninga for Fedje sokn. Utskrift av rekneskap og balanse for 2021, syner at soknet har eit meirforbruk på drifta på kr. 70.063,- «før stryking av avsetjing til disposisjonsfond», som rekneskapsfører uttrykkjer det. Dette er ikkje utan vidare lett å forstå. Rekneskapsfører forklarar at det er foretatt ei avstemming mellom budsjettert avsetning og faktisk avsetning til fond. Denne differansen i tillegg til minnegåva ved gravferda til Grete Herøy, som det ikkje var budsjettert med, vil då utgjera ein samla sum av kr. 70.063,-.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

	<p>I forhold til den løpande økonomiflyten, så kan ein ut frå den vedlagte driftsrekneskapen sjå at vi har eit faktisk meirforbruk på kr. 24.288,-. Dette er altså før fondsplasseringar og strykningar. Dette er ein sum som er direkte knytt opp til den daglege bruken og syner at vi er rimeleg tett opp til det forbruket vi har budsjettert med.</p> <p>Ifølgje rekneskapsfører går no driftsrekneskapen i 0 sidan fondsavsetjingar og strykningar allereie er gjort. Dermed er det opp til soknerådet å vedta godkjenninga av rekneskapen slik den ligg føre.</p> <p>Elles vil kyrkjeverja til neste møte i soknerådet og etter drøftingar med AU, koma opp med eit framlegg til økonomiplan, som vil strekkja seg nokre år fram i tid.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner rekneskapen for 2021 slik den ligg føre.</i></p>
Vedtak	Fedje sokneråd godkjenner rekneskapen for 2021 slik den ligg føre.

F 09/22	GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2021
	<p><u>Bakgrunn:</u> Årsmeldinga vert ettersendt.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2021 slik den ligg føre.

F 10/22	GODKJENNING AV JUSTERTE GRAVPLASSVEDTEKTER
	<p><u>Bakgrunn:</u> Som ein konsekvens av at vi fekk ny trussamfunnslov med verknad frå 1. januar 2021, så fekk vi også ein del endringar i gravplasslova (tidl. gravferdslova). Endringane har medført ein del namneendringar, «kyrkjegard» har blitt til «gravplass». «Gravferdslov» har blitt til «gravplasslov». «Gravferdsforskrifta» har blitt til «gravplassforskrifta». Kommunane kan no, på sjølvstendig grunnlag, vedta at dei eventuelt vil overta gravplassforvaltninga frå fellesråda, om dei skulle ønskja det. Statsforvaltaren (i Vestfold og Telemark) har no overtatt for bispedømeråda som godkjenning og klageinstans for saker etter lova. Sak om godkjenning av gravplassvedtekter var oppe til handsaming i soknerådet i sak 9/20. Justerte gravplassvedtekter i dette vedtaket bygde på ein mal tilrådd av bispedømeråda. Etter at dette vedtaket vart gjort viste det seg at det eksisterer ein gammal versjon av lokale vedtekter frå 2003. Kyrkjeverja var ikkje kjent med dette då sak 9/20 vart tatt opp til handsaming.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Uansett godkjente ikkje Statsforvaltaren soknerådet sitt framlegg til nye lokale vedtekter. Dei hadde fleire formelle merknader til vedtektene som vi vart bedne om å endra på. Saka har lagt i dvale ei stund og har ikkje blitt prioritert.</p> <p>Kyrkjeverja har no dei siste par månadane hatt ein løpande dialog med Statsforvaltaren for å få ei utforming og eit innhald av vedtektene som vil kunna halda mål etter dei formelle krava som har blitt stilt.</p> <p>Sidan Statsforvaltaren parallelt har behandla sak om godkjenning av plan for utviding av gravplassen, så har vi fått råd om å få inn i vedtektene bestemmelsar om bruk av namna minnelund. Dette er no tatt inn i framlegg til nye vedtekter. Framlegg til nye lokale vedtekter vert med dette tatt opp på nytt.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner siste versjon av gravplassvedtektene. Vedtektene vert gjort gjeldande frå det tidspunktet Statsforvaltaren gjev si endelege godkjenning.</i></p>
Vedtak:	Fedje sokneråd godkjenner gravplassvedtektene slik dei blei lagt fram i møte i sak F 10/22. Vedtektene vert gjort gjeldande frå det tidspunktet Statsforvaltaren gjev si endelege godkjenning.

F 11/22	BETALING FOR BRUK AV KYRKJA TIL IKKJE-MEDLEMMER OG UTANBYGDS VIGSLAR
	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Både AU og soknerådet har drøfta denne saka. Kort fortalt synes haldninga til soknerådet å vera følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• Ein ønskjer ikkje å ta betaling for leige av kyrkja frå nokon med bustadadresse på Fedje ved gravferder – uavhengig av om ein er medlem i kyrkja eller ikkje. Ein ønskjer at kyrkja skal vera eit relevant rom for fastbuande og at ein, gjerne av diakonale grunnar, skal vera på tilbodssida i slike situasjonar. Når det gjeld medlemmer av Humanetisk Forbund så er ikkje bruk av kyrkja som seremonirom aktuelt uansett. Dette følgjer av retningslinjer både frå kyrkja sentralt og frå Humanetisk forbund sentralt. Medlemmer av dette livssynssamfunnet må såleis finna alternative seremonirom ved gravferder. Tilsvarande vil til dømes gjelda for gravlegging etter muslimsk tradisjon eller for gravlegging etter tradisjonen frå Jehovas Vitner.• Soknerådet meiner det er greitt at det vert tatt betalt for leige av kyrkja til gravferder for personar som ikkje har bustadadresse på Fedje, men som likevel ønskjer å bli gravlagt her og ha seremoni i kyrkja. I tillegg til slik leige, kjem det gebyr for



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>utanbygds gravlegging, som det er eksisterande reglar for. Dette vert ei anna problemstilling enn det som er nemnt ovanfor.</p> <ul style="list-style-type: none">• Soknerådet meiner det ikkje skal bli tatt betaling for vigslar til personar heimehøyrande på Fedje, uavhengig av medlemskap. Det same vil gjelda for personar som giftar seg som har slektsrøtene sine på Fedje, enten den eine eller begge. Kyrkjeverja forslår følgjande grensedraging: Ein eller begge som har besteforeldre/forelder som lever og som bur på Fedje, skal ikkje betala for leige av kyrkja ved vigsel. Dette gjeld sjølv sagt også for par der den eine eller begge har foreldre/forelder med bustadadresse på Fedje. <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd innfører følgjande prinsipp og prisfastsetjing for bruk av kyrkja ved gravferder og vigslar:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Gravferd for ikkje-medlemmar med bustadadresse på Fedje: Gratis leige av kyrkja uavhengig av medlemskap.</i>• <i>Gravferd for medlemmer og ikkje medlemmer som ikkje har bustadadresse på Fedje: Leige av kyrkja: kr. 3.000,- Leige av kyrkja sitt personell (kyrkjetenar/organist) kr. 2.700,- (Leige av prest vert ei sak mellom presten, bispedømerådet og dei pårørande og vedkjem ikkje soknerådet).</i>• <i>Vigsel for par der ein eller begge har slektstilknytning til Fedje og der ein eller begge er medlemmer i kyrkja: Gratis leige av kyrkja. Slegtstilknytning skal vera at minst at 1 av besteforeldra lever og har bustadadresse på Fedje. Foreldre/forelder busett på Fedje vil sjølv sagt også gjelda som slektstilknytning.</i>• <i>Vigsel for par busett på Fedje der ein eller ingen er medlemmar av kyrkja: Leige av kyrkja og kyrkja sitt personell vil vera gratis.</i>• <i>Vigsel for par busett utanfor Fedje uavhengig av medlemskap i kyrkja: Leige av kyrkja og kyrkja sitt personell tilsvarande som for utanbygds gravferder.</i> <i>Soknerådet tek ikkje stilling til spørsmål vedk. leige av prest.</i>
<p>Vedtak:</p>	<p><i>Fedje sokneråd innfører følgjande prinsipp og prisfastsetjing for bruk av kyrkja ved gravferder og vigslar:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Gravferd for ikkje-medlemmar med bustadadresse på Fedje: Gratis leige av kyrkja uavhengig av medlemskap.</i>• <i>Gravferd for medlemmer og ikkje medlemmer som <u>ikkje</u> har bustadadresse på Fedje: Leige av kyrkja: kr. 3.000,- Leige av kyrkja sitt personell (kyrkjetenar/organist) kr. 2.700,- (Leige av prest vert ei sak mellom presten, bispe-</i>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>dømerådet og dei pårørande og vedkjem ikkje soknerådet).</p> <ul style="list-style-type: none">• Vigsel for par der ein eller begge har slektstilknytning til Fedje og der ein eller begge er medlemmer i kyrkja: Gratis leige av kyrkja. Slegtstilknytning skal vera at minst at 1 av besteforeldra lever og har bustadadresse på Fedje. Foreldre/forelder busett på Fedje vil sjølv sagt også gjelda som slektstilknytning.• Vigsel for par busett på Fedje der ein eller ingen er medlemmar av kyrkja: Leige av kyrkja og kyrkja sitt personell vil vera gratis.• Vigsel for par busett utanfor Fedje uavhengig av medlemsskap i kyrkja: Leige av kyrkja og kyrkja sitt personell tilsvarande som for utanbygds gravferder. Soknerådet tek ikkje stilling til spørsmål vedk. leige av prest.
--	--

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg og Rune Minde

Varamedlemmer: Turid Moldøyen

Ikkje møtt: Hans Erik Waage, Solrunn Gullaksen og Terje Storemark

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær*

Saksoversikt: S 05/22 – S 06/22

S 05/22	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 08.02.2022
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 08.02.22 Innkallinga til møtet 29.03.22
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 06/22	GODKJENNING AV GUDSTENESTEPLAN FOR 2022
---------	--



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p><u>Bakgrunn:</u> Framlegg til gudstenesteplan for resten av 2022 vert lagt fram i møtet. I møtet vert det også orientert om status for sjøvegs kyrkjereis, som skal gå føre seg søndag 12. juni.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Gudstenesteplanen for resten av 2022 er godkjent slik den ligg føre.</i></p>
Vedtak:	Gudstenesteplanen for resten av 2022 er godkjent slik den ligg føre.